



Ordførar Bjarne Berge festar Kongens fortenestemedalje til Jan Frank Christiansens bryst.

**- Ein skal møta folk som ein ressurs og ikkje som ei bør, sa Jan Frank Christiansen (55) i takkatala si etter at ordførar Bjarne Berge hade festa Kongens fortenestemedalje i sølv til brystet hans under kommunestyremøtet i Husnes kulturhus torsdag.**

Den avgåande leiar for pionerbedrifta AFA i Uskedalen fekk medalja for sin store innsats for psykisk utviklingshemma og andre vanskelegstilte i arbeidslivet. No flytter han til Bergen og vanleg pleiarjobb ved Sandviken sykehus.

- Med sitt ukuelege pågangsmot har han forma AFA til ein unik arbeidsplass, som set menneskeverdet i høgsetet. Bedrifta gjev kvar enkelt arbeidstakar ein jobb som er meningsfylt, ikkje berre for arbeidstakaren, men og for samfunnet rundt AFA, heitte det i søknaden til H.M. Kongen om medalja som ordføraren refererte. Søkjarane Eirik Meyer Eide, Hans Berge og Ola Matti Mathisen meiner at Christiansen har gjort eit banebrytande arbeid for å gje menneskjeverd til psykisk utviklingshemma og slår fast at det er lagt merke til både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Søkjarane strekar ellers mellom anna under at Christiansen heilt frå starten for 25 år sidan har klart å gjera AFA til ein open bedrift der alle som vil kan komma innom. Han har alltid tid og er genuint interessert i kvart menneskje.

I si tid ga han saman med Fritz Pettersen ut ein serie på seks bøker om korleis ein kan gje psykisk utviklingshemma vekst og utvikling. Desse bøkene vart i mange år nytta i undervisninga på Vernepleiarskulen i Sandnes, på vidaregåande skuler og i dagleg arbeid med psykisk utviklingshemma. Bøkene vart eit heilt nytt reiskap i dette arbeidet. Dei sette person og menneskeverd i høgsetet framfor utviklingshemminga.

- Her får du di belønning, No kan du vera stolt av deg sjøl, sa uskedelingen Marit Langballe i si tale til Christiansen. Dei har kjent kvarandre lenge og jobba saman i 14 år.
- Du har gjeve dei psykisk utviklingshemma ein verdigheit som mange ikkje ein gong såg at dei trong. Du lærte oss at dei ikkje var utviklingshemma, men personer på lik line med oss andre. Også dei er menneskje med namn, vanar og uvanar og du var mellom dei første i landet til å sjå det, sa Marit.

Ho peika også på at Christiansen gav arbeidstakarane eit talerør slik at deira behov og tankar vart handsama seriøst. Men samstundes stilte han krav til dei. Skulle dei ha godene, måtte dei som oss også ta minussidene.

Jan Frank Christiansen si takketale var prega av at han er ein slagferdig kar og ein munter ord-ekvilibrant.

- Kongen og eg har ein felles interesse, som heiter kasting. Han kastar glans, medan eg kastar skygge, sa han mellom anna.

Men han ville avslutte i "Oscar-stil" på denne måten: - I love you all!

Christiansen ville også nytte høvet til å takka det han kalla "det kommunale tyngdepunkt" for at dei alltid hadde støtta AFA og han.

- Dette var utruleg kjekt, sa ordføraren, som også har jobba tett saman med Christiansen. Han var styreleiar for AFA i ei årrekke.